

Årsmelding 2022

Øygarden kyrkjelege fellesråd



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd

Innhald

| | |
|---|-----------|
| Helsing frå fellesrådsleiar | 3 |
| Frå kyrkjeverja..... | 5 |
| Arbeidet i kyrkjelydane | 6 |
| Seksjon for barn og unge | 7 |
| Utdrag frå trusopplæringsstatistikken | 10 |
| Seksjon for diakoni..... | 13 |
| Seksjon for kyrkjemusikk | 18 |
| Seksjon for kyrkjer og gravplassar | 22 |
| Kyrkjebygg | 23 |
| Gravferdsforvaltning | 25 |
| Miljø..... | 26 |
| Medarbeidarar..... | 26 |
| Kyrkjeverja sin administrasjon | 28 |
| HR | 29 |
| Kommunikasjon | 30 |
| Seksjon for administrasjon og økonomi..... | 31 |
| Fellesrådet sin økonomi..... | 32 |
| Styrande organ | 33 |
| Litt statistikk..... | 34 |

FRAMSIDEFOTO: T12 LYSVAKEN

Ei natt i november fekk 12-åringane frå Fjell, Foldnes og Landro sove i Fjell kyrkje.

Foto: Elisabeth Møll Jung



NY DIAKON

Torunn Nateland Utvær vart innstett som diakon i Landro kyrkje søndag 23. oktober. Her saman med soknerådsleiar Tove Karin Angeltveit, Landro barne- og teenskor og sokneprest Bjarte Nese.



Dag-Olav Bjorøy
Fellesrådsleiar

Helsing frå fellesrådsleiar

Vi har bak oss det første året med tilnærma normal drift etter kommunesamanslåinga. Vi arbeider stadig med å finne dei gode løysingane på korleis vi kan samarbeide best mogleg- både på tvers av faggrensar og på tvers av soknegrensar.

Overskrifta over arbeidet vårt er "Takknemleg, tenande, frimodig".

Vi er takknemlege for alle medarbeidarar, for alle som støttar oss på ulike måtar, for nåde og tilgjeving frå Gud – og for alle som vi får lov å møte i arbeidet vårt.

Vi skal vere tenande, vi skal tene medmenneska våre og Gud. Diakoni er difor ei sentral oppgåve for oss. I 2022 fekk vi endeleg på plass diakon/diakoniarbeidar i alle sokn.

Vi skal vere frimodige, vi veit kva Gud har gjort for oss, korleis han leier oss fram og korleis vi får lov til å fortelje dette til stadig nye menneske. Dette er eit privilegium!

BASECAMP MATBANK

Torsdag 10. februar var gleda stor når Basecamp Matbank opna. Det var varehussjef Cathrine Henriksen frå Coop Obs på Sartor som fekk klippe snora til Matbanken.

Basecamp er eit samskapingsprosjekt mellom kommunen, Sartor storsenter og Den norske kyrkja i Øygarden.

Foto: Yngvild Mørner Sørheim





Annlaug Børve
Kyrkjeverje

Kyrkja når langt

«Nær Gud – nær menneske»- Fellesrådet sin visjon seier noko om korleis vi ønskjer å vere kyrkje i lokalsamfunnet vårt. Vi trur at om vi kan vere nær både Gud og kvarandre, så møter vi nokre av dei djupaste behova vi menneske har.

Sjølv i vår relativt godt avskjerma del av verda skapar krig, ustabil økonomi og klimakrise både bekymringar og redsel. I våre nærmiljø finst det menneske som ikkje har nok pengar til mat, og det finst menneske som har reist frå alt for å søkje tryggleik for seg sjølv og barna sine. Kommunen melder at dei største utfordringane menneske i Øygarden erfarer er utanforskap og einsemd.

Midt i alt dette vil vi som kyrkje formidle håp, kjærleik og tru. Vi vil byggje varme relasjonar og trygge fellesskap for alle. Menneske skal kunne komme til kyrkja med heile seg og liva sine, akkurat slik som dei er, og kjenne at her vert dei tekne imot – vi ønskjer at dei får erfare å komme nær Gud, og nær menneske.

I årsmeldinga for 2022 får du smakebitar frå arbeidet rundt om i dei fem kyrkjelydane i Øygarden, til dømes:

- I arbeidet vårt blant barn og unge har vi hatt 500 med på leir! Vi har ungdomsklubbar i alle dei fem kyrkjelydane, og 190 barn 0-1 år har fått vore på babysong i ei av våre kyrkjer. Om lag 3600 barn har vore på gudstenester spesielt tilrettelagt for skulebarn.
- Eit spennande prosjekt retta inn mot dei eldste barna på barnetrinnet på Landro skule, har fått namnet «God nok.» I samarbeid med Landro skule og helsesjukepleiaren der, har vi som mål å bidra til betre psykisk helse og gje hjelp til å møte ungdomstida på ein god måte.
- Myldredagar, generasjonskveldar, fellesskapskveldar, ute-torsdag, basarar, juletreffstar, kyrkjelydsweekend og kyrkjekaffien gjer oss

som kyrkje til ein heilt spesiell arena: Ingen andre stader i kommunen samlast så mange generasjonar til fellesskap som i lokalkyrkja.

- I løpet av livet vil alle menneske oppleve tap. Sorgarbeidet vårt er retta inn mot dei mange som må gå gjennom denne fasen av livet. Ein del av dette arbeidet var oppstart av sorggruppe i samarbeid med kreftkoordinator i kommunen.
- Mange menneske tek kontakt med oss fordi dei er einsame, opplever psykiske vanskar eller har behov for sjelesorg. Vi har hatt 375 ein til ein-samtalar for å møte slike behov.
- Musikk er eit språk for alle! Fire vaksenkor med 104 deltakarar og ni barnekor med 165 deltakarar har øvd og hatt konsertar i kyrkjene våre.
- Alle dei 490 frivillige som gir både tid, omtanke og pengar og byggjer kyrkjelydane lokalt utgjer sjølve hjerteslaget kyrkja. Tusen takk til samarbeidet til kvar einskild av dykk!

For å få endå betre innblikk i arbeidet, kan du lese årsmeldingane frå kvart av sokna.

Fellesrådet har ansvar for kyrkjebygga i Øygarden, 8 i talet. Vi er og gravferdsmynde, og driftar 16 kyrkjegardar og gravplassar. Til saman hadde vi 232 gravferder og bisetjingar i kommunen i 2022.

Fellesrådet har som oppgåve å forvalte løyvingane frå kommune og bispedømeråd og andre midlar vi rår over på best mogeleg måte. Øygarden kommune er raus, og løyver langt meir til arbeidet vi driv i kyrkja i Øygarden enn det som er gjennomsnittet for kommunar i Noreg. Dette er vi svært taknemlege for! Vi håpar årsmeldinga gjev eit godt bilete av korleis vi tek vare på bygg og anlegg, og korleis vi arbeider for å nå ut til menneske i kommunen.

Vi håpar og trur at vi når langt med det vi rår over!

ARBEIDET I KYRKJELYDANE





Rannveig Vestbøstad Vik
Seksjonsleiar for barn og unge

Seksjon for barn og unge

18 tilsette medarbeidarar i små og store stillingar (tilsaman 11, 1 årsverk) arbeider for å gje det aller beste vi har vidare til barn, ungdom og familiar i dei fem sokna vi gjer teneste i.

Vi har mange gode og stabile ungdomsarbeidarar i ulike prosentstillingar. Det betyr at vi har mange tilsette-ressursar ute i felten, i møte med ungdommane. Det er der vi helst skal vere! For å byggje relasjonar og trygge fellesskap, formidle tru, håp og kjærleik, for å gi den einskilde ungdommen reiskap til livstolking og livsmeistring. Vi arbeider for at dei skal bli betre kjent med Jesus og at dei skal erfare at dei høyrer til, at dei er trygge, viktige for andre og at dei er uendeleg verdifulle.

7 medarbeidarar i seksjonen slutta i 2022, og vi fekk 5 nye medarbeidarar, éin i kvart sokneteamb! Seksjon for barn og unge hadde 7 seksjonsmøte i 2022, med erfaringsdeling og fagleg fokus på: bibelforteljingane, pedagogisk forankring og medlemskontakt.

Det viktigaste vi har og den dyrebare tida

Det er ei utfordring i alle kyrkjene våre å ha mange nok frivillige medarbeidarar i arbeidet med ungdommar. Også ungdomane i kyrkjelyden slit med utanforskap, einsemd, sjølvbiletet, tungsinn og angst, slik ferske tal frå Ungdata seier er eit aukande problem også i Øygarden. Engasjerte einskildmenneske som bryr seg er ei stor velsigning og den største gåva til barna og ungdommane våre. Vi er heldige som har så mange gode medarbeidarar som deler det beste dei har vidare!

Vi treng endå fleire saman med oss i dette. Vi treng både fleire unge-vaksne medarbeidarar og fleire godt vaksne medarbeidarar inn i fellesskapa og aktivitetane. Vi må jobbe vidare med å leggje til rette for at fleire medarbeidarar, i alle aldrar, og med ulik erfaringsbakgrunn, og fleire typar medarbeidarar kan kjenne at dei kan og ønskjer å bidra! Det vil bety ein enorm forskjell for den einskilde ungdom og for fellesskapa. Vi erfarer også at det kan bety ein forskjell for den einskilde medarbeidar som går inn i dette – og for kyrkjelydane, dersom endå fleire kan kjenne at dette er **våre** ungdommar, konfirmantane **våre**, klubben **vår**, koret **vårt**, barnehagane **våre**, skulane **våre**.

Aktivitetar og høgdepunkt

Medarbeidarar melder at det verkar noko vanskelegare enn før pandemien å få barn, ungdom og familiar med på ulike aktivitetar. Det ser vi att i nokre av tala frå statistikk og frammøte for 2022. Likevel er ikkje tendensen tydeleg, det kjem an på ulike aldersgrupper, kyrkjelydar og type tiltak. Nokre tiltak er svært godt besøkt, medan andre tiltak slit med å få deltakarar. Vi skal også vere forsiktige med å forklare færre deltakartal med pandemien, då vi veit at bakgrunnen for tala vi ser kan vere svært samansett.

Vi må kontinuerleg vurdere korleis vi skal bruke ressursane våre best mogleg, i lys av målet vi har som kyrkje. Til dette er tal og statistikk eit av fleire reiskap som vi skal nytte til å manøvrere skuta i den gode leida.



RANSELBØN

Ein fin flokk med førsteklassingar møtte fram i Sund kyrkje med dei nye, fine ranslane sine på ryggen.

Foto: Olai Otterå

Nokre av høgdepunkta i 2022 var:

- 500 barn og unge har vore på leir i regi av kyrkja i Øygarden!
- Alle 5 kyrkjelydane har ungdomsklubbar!
- Alle 5 kyrkjelydane har no tilbod om babysong (4 av 5 i 2022), med god oppslutnad! Fleire av babysongtilboda har gode samarbeidspartnarar i Open barnehage og Blomvåg barnehage. Barnekor, babysong og småbarnssong blomstrar i kyrkjene våre. Å jobbe med å lage gode møteplassar for barna og familiane i tidleg fase, då dei lagar sine rutinar og legg aktivitetsplanane og vanane sine som familie, er eit bevisst fokus. Å bli møtt på gode møter i denne tida kan gjere at dei vel kyrkja som fellesskap for barnet dei har døypt, og at fleire foreldre blir bevisst på at dei sjølve er dei viktigaste trusformidlarane for barna sine.
- Svært mange av barnehagane kjem til kyrkja, til jul og påske, og nokre også elles i året. Dei tilsette i barnehagane uttrykkjer at dette er verdifullt for dei. Vi opplever at lokalkyrkja er svært viktig for små og store menneske, i høgtidene spesielt, men også gjennom heile året. Vi opplever også at kyrkja lokalt har vore viktig når ein barnehage er ramma av sorg og krise.

- Myldredagar, Generasjonsskveldar, fellesskapskveldar, basarar, juletreffstar, kyrkjelydsweekend og kyrkjekaffien der alle generasjonar er saman gjer oss som kyrkje til ein heilt spesiell arena: Ingen andre stader i kommunen samlast så mange generasjonar til fellesskap som i lokalkyrkja. Desse fleirgenerasjonstiltaka har i 2022 også svært gode deltakartal, noko som er svært gledeleg og viser at desse fellesskapa betyr mykje for små og store menneske.

Samarbeidet med skular og barnehagar

I kommunen vår har vi eit godt og allsidig samarbeid med alle skular og barnehagar. Kyrkja arbeider for å vere ein naturleg, sentral og fagleg oppdatert samarbeidspartnar for skulane og barnehagane i kommunen.

Kyrkja har ei rolle som tradisjons- og kulturberar i nærmiljøet, mellom anna ved å utvikle og styrke møtepunkta med skular og barnehagar. I vår kommune arbeider ein etter ein plan med ulike tilbod knytt til høgtider og kyrkjebygg. Året 2022 var eit tilnærma normalt år med tanke på faste møtepunkt og samarbeid. Vi noterer likevel nokre utfordringar. Økonomi til transport har gjort det vanskeleg for einskilde skular å kome



til si lokale kyrkje i 2022 t.d ved juletider. Dette gjeld særskild i Hjelme og Blomvåg sokn. Vi har saman med skulane funne løysingar ved å halde julesamlingane i gymsalar og på kulturhus. Men skulane uttrykkjer sorg over at dei ikkje kjem til kyrkja si – ei oppleving som har mykje meir ved seg enn ei skulesamling.

Mange skular har måtta teke beina fatt og gått, til dels lange strekningar, for å kome til kyrkja til advent og til omvisingar. I vestlandsvær er dette ofte ei utfordring med store barneflokkar.

For samarbeidet og planlegginga er det framleis Skule-kyrkje utvalet (SKU), med representantar frå skulane, som held i planlegginga saman med kyrkja sine tilsette. SKU har to samlingar i året. I tillegg har ein god kommunikasjon via telefon og epost.

Av møtepunkt med skulane er dette det vi har vi hatt dette på programmet:

- Adventsgudstenester for alle barneskulane, og tre av ungdomsskulane.
- Kyrkjevandringar for 3. klasse v Fjell/Foldnes / Landro, og for 2. og 6.klassar i Hjelme/Blomvåg.
- Vandring på gravplassen og arbeid med sorg for 2. klassane (Fjell Foldnes Landro)

- Tilbod om kurset Vandring gjennom Bibelen for 5. klassane. Fire skuletimar med oversikt over Bibelsoga.

Barnehagane i kommunen fekk også i 2022 gjennomføre sine møtepunkt med kyrkja som normalt. Her er det både påskevandringar, påkesamlingar og julevandringar i og utanfor kyrkjene. Nokre av barnehagane fekk også besøk av tilsette ved høgtidene.

Også året 2022 viser at både skular og barnehagar verdset og prioriterer tilboda om samarbeid med kyrkja. Saman er vi kulturberarar i våre nærmiljø i kommunen.

Trusopplæring

Trusopplæringa er dei punktvisse breiddetiltaka i kyrkjelydane, som vi heilt konkret inviterer alle døypte til kvart einast år, og som vi er forplikta på gjennom trusopplæringsplanane til sokna. Utanom desse tiltaka, har kvar av kyrkjelydane mange ulike fellesskap og aktivitetar for barn, ungdom og familiar. Nokre aktivitetar har møtepunkt kvar veke eller annakvar veke, nokre aktivitetar samlast kvar månad, nokre få kvart semester eller kvart år.



Utdrag frå trusopplæringsstatistikken

Hjelme og Blomvåg sokn

| Alder | Tiltak | Deltakarar prosent | | | |
|-----------------|---------------------------------------|--------------------|------|------|------|
| | | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 0 | Babysong | 34 | 45 | 0 | 38 |
| 4 | Familiegudsteneste / 4-årsbok | 41 | 44 | 44 | 42 |
| 6 | Gud såg at det var godt! | 28 | 28 | 24 | 36 |
| 6 | Leirdag- Kven er Jesus? | 43 | 69 | 57 | 47 |
| 10 | Familiegudsteneste /utdeling av bibel | 25 | 27 | 35 | 34 |
| 15 | Konfirmant | 79 | 98 | 96 | 93 |
| Totalsum | | 43 | 51 | 46 | 55 |

Sund sokn

| Alder | Tiltak | Deltakarar prosent | | | |
|-----------------|--------------------------------------|--------------------|------|------|------|
| | | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 3 | Krybbevandring | 78 | 59 | 43 | 96 |
| 6 | Ranselbøn | 11 | 16 | 5 | 34 |
| 10 | Det store gjestebudet /Bibelutdeling | 32 | 18 | 24 | 27 |
| 15 | Konfirmasjon | 93 | 97 | 98 | 86 |
| Totalsum | | | 44 | 35 | 41 |



Landro sokn

| Alder | Tiltak | Deltakarar prosent | | | |
|-----------------|----------------|--------------------|------|------|------|
| | | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 0 | T1 Babysong | 28 | 23 | 34 | 105 |
| 4 | T4 Kyrkjeboka | 29 | 21 | 21 | 17 |
| 6 | T6 Skulestart | 20 | 15 | 25 | 8 |
| 10 | T10 Tweens | 17 | 9 | 8 | 27 |
| 15 | T15 Konfirmant | 77 | 71 | 75 | 73 |
| Totalsum | | 27 | 22 | 22 | 25 |

Fjell sokn

| Alder | Tiltak | Deltakarar prosent | | | |
|-----------------|----------------|--------------------|------|------|------|
| | | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 0 | T1 Babysong | 37 | 11 | 80 | 76 |
| 4 | T4 Kyrkjeboka | 21 | 12 | 18 | 31 |
| 6 | T6 Skulestart | 13 | 11 | 11 | 14 |
| 10 | T10 Tweens | 36 | 24 | 57 | 55 |
| 15 | T15 Konfirmant | 94 | 93 | 86 | 83 |
| Totalsum | | 37 | 25 | 27 | 32 |

Foldnes sokn

| Alder | Tiltak | Deltakarar prosent | | | |
|-----------------|----------------|--------------------|------|------|------|
| | | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| 0 | T1 Babysong | 18 | 13 | 47 | 74 |
| 4 | T4 Kyrkjeboka | 31 | 14 | 20 | 21 |
| 6 | T6 Skulestart | 8 | 14 | 13 | 10 |
| 10 | T10 Tweens | 16 | 26 | 28 | 43 |
| 15 | T15 Konfirmant | 98 | 80 | 98 | 85 |
| Totalsum | | 27 | 27 | 28 | 27 |



LYSMESSE

Gjennom tekstlesing, lystenning, praktiske oppgaver og drama er det konfirmantane som set saman lysmessa i adventstida.

Foto: Yngvild Mørner Sørheim



Astrid Fylling
Seksjonsleiar for diakoni

Seksjon for diakoni

Diakonien i Øygarden er mangfaldig. Det handlar både om arbeid med inkluderande fellesskap, nestekjærleik, vern om skaparverket, kamp for rettferd, sorgarbeid og nytenking. Det er mange frivillige som er med, både å planleggje og å gjennomføre diakonalt arbeid.

Medarbeidarar

Diakoniseksjonen har fått to fleire medarbeidarar i 2022 enn i 2021. Landro har fått både diakon og diakoniarbeidar knytt til prosjektet VEKST. Det er ei glede.

Det er diakoniutval i alle kyrkjelydar utanom Fjell. Ny diakoniplan er laga, både i Sund og i Foldnes. Utvala har frå 4-6 medlemmer som er frivillige medarbeidarar, og ein tilsett diakon/diakoniarbeidar er sekretær. I Hjelme og Blomvåg vart utvalet utvida då flyktningane kom og vart plassert på Nautnes asylmottak. Då hadde diakoniutvalet representantar frå dei kristne gruppene i soknet, kommunen, frivillige og ulike organisasjonar. Samarbeidet var godt og innsatsen stor både når det gjeld omsorg og aktivitetar. I sommarmånadane var det språkkafé kvar laurdag i samarbeid med Raudekrossen.

Inkluderande fellesskap

Det arrangerast månadlege treff i alle kyrkjelydane utanom Fjell. Til saman er 80-100 menneske samla kvar månad. I Sund er det frivillige som har heile ansvaret, elles er diakon/diakoniarbeidar med og arrangerer i tillegg til frivillige. Tilbakemeldingane er gode og treffa er viktige.

I Fjell har kyrkja vore open onsdagane. Dei besøkande kan vere barnehagane som kjem innom, enkeltmenneske som treng ein prat eller

berre vil tenne eit lys eller grupper frå andre kyrkjelydar på tur. Nokre har dette som fast onsdagsaktivitet med vaflar, bøn og tur. Andre er innom ein eller fleire gonger.

Sund arrangerer myldredag for familiar i kyrkjene ein gong i månaden. Det er eit viktig arbeid med gode tilbakemeldingar. Det er òg Betweeneklubb som samlar barna og strikkekafé for alle.

I Hjelme og Blomvåg vert det arrangert song og salmekveldar ein gong i månaden. Det er i snitt 37 som møter opp kvar gong. Det var òg arrangert lovsongskveldar i Sund i første halvår.

Nestekjærleik

Livets Lys, som er eit fellesskap for utviklingshemma i alle aldrar frå heile kommunen, samlast i Foldnes ein gong i månaden. I år har vi hatt med 5 konfirantar som har dette som praktisk diakonal teneste. Arrangementet samlar omkring 40 kvar gong.

Rundt jul kjem det alltid nokre søknadar om pengestøtte til høgtida. Det gjer inntrykk at familiar ikkje har noko ekstra å rutta med i juletida. Fellesrådet har eit lite diakonifond, og hjelper dei som treng det mest.

Diakonane/diakoniarbeidarane har jamt besøk, både heime hos folk, på kontoret og på institusjonane. Ofte blir diakonen kontakta av offentleg tilsette på vegne av nokon som treng nokon å snakke med.

Vern om skaparverket

VEKST er et prosjekt som starta i februar. Målsettinga er å styrke mangfaldet i kyrkje, samskapa med andre organisasjonar og einskildmenneske og vern om skaparverket.



Konkret har det blitt arrangert Ute-torsdag og generasjonskveldar rundt og i Landro kyrkje både vår og haust. Dette er noko som stadig utviklar seg og er i gang i 2023 òg.

Kamp for rettferd

Fasteaksjonen i mars er ein diakonal aksjon som konfirmantane gjennomfører i samarbeid med frivillige. Mange er aktivisert. Aksjonen samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelp eller andre organisasjonar som driv naudhjelp.

Sorgarbeid

Nytt av året er at vi starta opp sorggruppe i samarbeid med kreftkoordinator i kommunen. Det er noko vi vil fortsette med og helst utvide.

Sorg-brosjyre er på plass og distribuert breidt i kommunen.

Sorgarbeidet gjeld òg markering av allehelgensdag. Alle som har mista nokon siste år, får særskild invitasjon til minnegudstenesta. I tillegg delte vi ut lys og brosjyrar på Rong, Ågotnes, Sund og Sartor sentre laurdag før allehelgensdag. Det vart mange små, gode samtaler. Fleire frivillige var med. Til saman vart det delt ut ca. 1000 lys og brosjyrar.

Vi arrangerte både kveldskurs om sorg og temakveld i Fjell kyrkje om «det vanskelege livet».

Samskaping med kommunen

Basecamp: Undomsdiakoniprojektet
Basecamp, som er eit samarbeid mellom kyrkje, kommune og Sartor senter, utviklar seg stadig. Nøkkelaktiviteten er ope hus og oppsøkande verksemd i miljøet på og rundt Sartor. Ungdommane møtest, får arbeidserfaring og hjelp til å kome ut i jobb og utdanning. På Basecamp Arbeidspraksis kan ein velje mellom tre spor: Sykkelverkstad, Redesignverkstad eller Vognpartrulje & Matbank. Samarbeidet på alle plan, med vektarar, senterleiing og politi er godt.

Basecamp har 10 tilsette, fordelt på 8,7 årsverk, inkludert dagleg leiar.

GOD NOK: Fellesrådet fekk midlar i 2022 for å starta opp eit prosjekt i 2023 for barn i skulen. Samarbeidspart er Landro skule og helsesjukepleiaren der. Målet er å bidra til betre psykisk helse og gje hjelp til å møte ungdomstida på ein god måte. Diakonen i Landro er hovudansvarleg for prosjektet.

Ansvar, leiing og frivillig arbeid

Diakoniseksjonen er mangfaldig når det gjeld oppgåver. Mange er synlege, som til dømes treff eller myldredag. Mindre synleg, men svært viktig er 1:1 møtepunkt med menneske som treng nokon å snakke med. Tilsette i seksjonen var på 139 heimebesøk og hadde 32 samtaler på kontoret med einskildmenneske i 2022. I tillegg hadde prestane 204 sjelesorgsamtalar.

Målet med alt vi gjer er å møte menneske i ulike situasjonar med forståing, trøyst, oppmuntring og utfordringar. Vi jobbar aktivt med å auke talet på frivillige medarbeidarar i alle aldra og livssituasjonar. Menneska vi møter har både behov og ressursar. Diakonien søker å møte dette og kople menneske saman med kvarandre. I dette trenger vi å samarbeide på tvers av mange skilleliner. I samskaping med kommunen, nabolaget og alle menneske av god vilje. Vi ser at det er mange menneske som fell utanfor i samfunnet vårt, og det er fleire og fleire som opplever at kvardagen er utfordrande. Utfordringane vil alltid vere mykje større enn vi har ressursar til å møte. Difor er det ei leiarutfordring å finne dei aktivitetane og den tilnærminga som møter dei som treng det mest med den hjelpa som byggjer best.

I 2022 var det til saman 490 frivillige medarbeidarar i det kyrkjeleg arbeidet i Øygarden.

FRIVILLIGFEST

I Landro kyrkje

Foto: Vegard Lynglund





➤ På ettermiddagen 23. mai var ein flott gjeng ungdomar frå Refuel sport i sving med dugnad! Dei flytta samlinga frå gymsalen på Rong til Skjergardsheimen denne dagen. Dei har laga fin ny sti og rampe ved ziplinen! I tillegg diverse småarbeid og rydding på uteområdet. Kjekk ungdom!

◀ Det har gått 25 år sidan Sund kyrkje vart innvigd. Etter gudstenesta 4. september vart alle invitert på kake.



➤ Februar 2022 blei prosjektet VEKST sett i gong i Landro sokn. Prosjektet har som mål å styrkja mangfaldet i kyrkja, samskape med andre og verna skaparverket. Noko av det som har vokse fram av prosjektet er ute-torsdag som er ein lågterskel møteplass ute for alle aldrar med bålkos, fellesskap, ulike vekstprosjekt og kunnskapsdeling. Vår og haust 2022 har det vore 17 samlingar ute i kyrkehagen.



- Foldnes kyrkjelyd var på leir og Menighets-weekend på Skjergardsheimen. Saman gjekk fleire på tur til Dethloff-hytta.

I desember vart FUNK adventsfest arrangert i Fjell kyrkje. Der feira dei at det var advent ved å kle seg i julestasen, dekke festbord, ete god mat, le høgt av den eineståande underhaldninga, reflektere over den kloke andakten, syngja, danse og leike.



- Søndag 28. august vart det feira gudsteneste på Langøy. Strålande sol fekk sette ramma for samlinga, og omlag 130 frammøtte hørde skipsklokka som ringte inn gudstenesta.



Mathilde Karin Dale
Seksjonsleiar for kyrkjemusikk

Seksjon for kyrkjemusikk

Kyrkjemusikalsk verksemd

Musikk er eit språk alle kan forstå. Der ord ikkje når fram, kan musikken røre ved hjartet og røre ved kjensler. Gjennom musikk kan vi uttrykke både glede og sorg. Difor er kyrkjemusikken ein viktig del av arbeidet i kyrkja.

Det kyrkjemusikalske arbeidet har vore knytt til gudstenester, gravferder, vigslar, institusjonsbesøk, konsertar, samarbeid med grunnskule/barnehage. Medverknad frå ulike musikkaktørar som solistar, songgrupper, korps, band, barnekor og instrumentalistar.

Det kyrkjemusikalske arbeidet er knytt til mange samarbeidspartnarar, både tilsette i kyrkja og frivillige.

Kantorane sitt arbeid er både av administrativ og utøvande art.

Viktige saker i 2022

- Korona
- Økonomi
- Mannskap – resursar – fordeling – arbeidsmengde
- Kantorane sine tenester/aktivitetar
- Kyrkjemusikkfestivalen
- Øygardssong
- Ny seksjonsleiar for kyrkjemusikk

Koronapandemien

Koronapandemien slapp taket i 2022. Antalsrestriksjonar, registreringsplikt, koronavask, munnbind, avstandskrav, karantene, møteforbod og avlysingar vart endeleg avvikla, og vi kunne gå tilbake til vanlege rutinar.

Sjølv om pandemien var tung, var det mykje vi kunne dra lærdom av. Vi vart betre på digitale løysingar som TEAMS, streaming og innspelingar. Vi lærte også mykje om hygiene, og om korleis vi kunne redusere smitte.

Kantorane

Det har vore jobba godt blant kantorane i 2022 med stor aktivitet. I løpet av året 2022 har kantorane samarbeidd om kyrkjemusikkfestivalen, der alle kantorane var delaktige. I Foldnes kyrkje har det vore radiogudstenester, og nokre av dei var også vist på TV. Her vart kyrkja i Øygarden profilert og synleg i eit landsdekkjande medium, med flott både orgel- og pianomusikk. Med den store aktiviteten som har vore i kyrkjene i Øygarden i 2022, har kantorane nådd godt ut med kyrkjemusikk både til vaksne, unge og barn.

Fagleg utvikling

Kyrkjemusikkseksjonen har seksjonsmøte ein gong i månaden. Her møtes vi for fagleg påfyll med diskusjonar, inspirasjon og løysing av praktiske og faglege utfordringar. I september deltok nokre av kantorane på fagdagar i Bergen. Her er det satt av tid til fagleg påfyll, flotte konsertar og kollegafelleskap. Dette vart opplevd som gjevande og inspirerande for kantorane som deltok.

Korverksemd

Til saman var det fire vaksenkor, inkludert eitt prosjektkor, med alt i alt 104 deltakarar.

Vi har ni barne- og ungdomskor med til saman 165 deltarar.

RADIOGUDSTENESTE

Gjennom 2022 har Foldnes kyrkje vore med på seks NRK radiogudstenester og to TV-gudstenester. Gospelkoret Lokal Vokal deltok på radiogudsteneste i august.

Foto: Andreas Brøvig





Kyrkjemusikkfestivalen

I september 2022 vart det arrangert ein kyrkjemusikkfestival med konsertar i alle sokna. Kantorane samarbeidet og presenterte eit program med god breidde innan ulike sjangrar.

Øygaardssong

I samarbeid med INRi-kyrkja og Vik bedehus vart det i september arrangert Øygaardssong i Hjeltefjorden arena. Medverkande var Lisa Børud med band, Mikael Järlestrand, Leif Sigvald Skaug og Gospelkoret Redeemed. Av lokale krefter hadde vi med Gospel Teens, Lyskastaren, lovsongsteam og husorkester.

Ny seksjonsleiar for kyrkjemusikk

Den 1. august 2022 byrja Mathilde Karin Dale i stillinga som seksjonsleiar for kyrkjemusikk. Kantor Øystein Steinsland har det musikkfaglege ansvaret i seksjonen.

Visjonar for framtida

Kyrkjemusikkseksjonen ønskjer for framtida å glede folk med gode musikalske opplevingar i godt samarbeid med dei tilsette og dei frivillige. Vi skal halde på viktige tradisjonar, samstundes som vi skal fornye oss i takt med tida.

KYRKJEMUSIKKFESTIVALEN

Sund brass spelte i Sund kyrkje under festivalen.

Foto: Olai Otterå





SONG- OG MUSIKKFESTIVAL
Øygardssong

ØYGARDSSONG

Barnekoret Lyskastaren og Gospel Teens avslutta gudstenesta under song- og musikkfestivalen Øygardssong!

Foto: Jurate Gedvilaitė

SEKSJON FOR KYRKJER OG GRAVPLASSAR





Tore Heggernes

Seksjonsleiar for kyrkjer og gravplassar

Kyrkjebygg

I Øygarden har vi 8 flotte kyrkjer: Kausland, Sund, Fjell, Foldnes Landro, Blomvåg, Hjelme og gamle Hjelme. Alle utanom Hjelme gamle kyrkje er i jamleg bruk.

Vedlikehald

Kyrkjene har ulik grad av vedlikehalds- og investeringsbehov. Midlane fellesrådet har til rådevelde er ikkje tilstrekkeleg til å utføre alt vedlikehald som er ønskjeleg. I det følgjande vert nokre av dei litt større prosjekta som vart prioritert i 2022 presentert:

Hjelme kyrkje

Her har det vore problem med lekkasje frå det flate taket over våpenhuset. Taket vart tekka på nytt, og nye koparbeslag monterte.

Foldnes kyrkje

Dragar i klokketårnet vart skifta ut på grunn av roteskadar. Det vart lagt nytt dekke i klokketårnet på grunn av lekkasje. Begge desse arbeidsoppgåvene vart utført av Akasia.

Eit lite parti av taket på kyrkja vart skifta ut på grunn av lekkasje forårsaka av roteskader.

Landro kyrkje

Her vart ENØK-tiltak prioritert. Fleire vindauge vart bytta ut med isolert glas. Det vart gjennomført etterfuging mellom elementa som ytterveggen er sett saman av. Toalett i kjellaren vart flislagt av hensyn til HMT. Etter fleire episodar med problem knytt til avløpsrøyra i kyrkja vart desse inspisert. Inspeksjonen avdekkar behov for røyrfornyng i kyrkja, og dette vart gjort. Kneputene rundt altarringen var slitne etter mange års bruk. Desse vart trekt om. Arbeidet vart gjort i samarbeid med Basecamp Repro på Straume.

Blomvåg kyrkje

På grunn av utfordring med lydgjennomgang, er det vanskeleg å finne eigna rom for søndagskulen. Det er ønskjeleg å kunne bruke sidesalen til dette arbeidet, men her er det berre ein uisolert skillevegg inn mot kyrkjerommet. Det vart sendt ein søknad til biskopen om å få sett opp ein midlertidig flyttbar lydvegg for å sjå om det kan betre lydforholda. Denne søknaden fekk vi godkjent i januar 23.

Sund kyrkje

Kjøkenet i kyrkjekjellaren vart oppgradert med nye kvitevarer og ny oppvaskbenk m/hetteoppvaskmaskin.

Fjell kyrkje

Øygarden kommune har løyvd til saman 39 mill kroner til rehabilitering av kyrkja. Øygarden kommune er prosjektleiar, og Multiconsult utfører detaljprosjekteringa. Samarbeid med Riksantikvaren har vore viktig i prosjekteringsfasen. Mykje godt forarbeid er gjort, og forventa oppstart av prosjektet er juni 2023.

Låssystem

Det kjem nytt låssystem i kyrkjene. Det vert digitale låsar. Dette gjer det enklare å ha oversikt over tilgangen til kyrkjene, òg ved utleige. Dette er bestilt og kjem på plass i mars 2023.

Brannvern

Det vart halde brannøving i alle kyrkjene i 2022. Ved branntilsyn for 2022 vart mindre avvik vart retta opp. Etter tidlegare tilsyn vart det utarbeidd brannteknisk vurdering av Fjell og Sund kyrkje. Vi har fått tilsvarande vurdering av Blomvåg og Kausland kyrkje.



SYNFARING

I oktober kom Riksantikvaren på synfaring i Fjell kyrkje.

Foto: Jens Meyer



Gravferdsforvaltning

ØKF er gravplassmynde i Øygarden kommune. Øygarden har 16 kyrkjegardar som fellesrådet har ansvaret for.

Gravferder og bisetjingar i 2022

| Gravferds-/bisetjingsstad | Gravferd og bisetjingar | | |
|--|-------------------------|------------|------------|
| | 2020 | 2021 | 2022 |
| Hjelme og Blomvåg sokn | 37 | 40 | 49 |
| Landro sokn | 21 | 26 | 35 |
| Fjell sokn | 46 | 53 | 50 |
| Foldnes sokn | 47 | 36 | 56 |
| Sund og Kausland sokn | 42 | 44 | 42 |
| Totalt | 193 | 199 | 232 |
| Endring i talet på seremoniar frå året før | -7 % | 3 % | 16,5 % |
| Andel bisetjingar | 26 % | 33 % | 28 % |
| Andre kyrkjer/kapell/ utan seremoni/andre livs-trussamfunn | 23 | 21 | 16 |

Vedlikehald

Også kyrkjegardane vert haldne i hevd innanfor dei rammene som fellesrådet rår over. Etterslepet er på enkelte av gravplassane stort, og vil krevje større investeringar.

Dårleg drenering er ei utfordring på fleire av kyrkjegardane. Fleire stader er det lagt nye grøfter for å betre dreneringa. Dette arbeidet vil halde fram i 2023.

Det var planlagt asfaltering på gangvegane på Blomvåg kyrkjegard. Arbeidet vart utsett til 2023.

Hjort er eit stort problem på mange av gravplassane. Fellesrådet har vurdert hjortegjerde, men dette vart ikkje vedteke. Hjortepлага vert prøvd minska ved bruk av luktande væske som vert spraya på nye graver. I tillegg vert pårørande informert om at dei bør velje blommar og plantar som hjorten ikkje likar på graver.

Investering

Det vart kjøpt ny gravemaskin og ein liten hjullastar.

Kapasitet

Kapasiteten på dei fleste gravplassane er pr i dag tilfredsstillande. Det er i dei siste 10 åra anlagt nye gravplassar/utvidingar på Hjelme, Blomvåg, Landro, Kleivane, Foldnes og Kausland. Gravplassen i Telavåg har ledig kapasitet berre ut 2025. Dette er meldt Øygarden kommune, som har signalisert at det ikkje er aktuelt å utvide Telavåg gravplass.



Miljø

Kyrkja jobbar for å betra miljøet. Øygarden kyrkjelege fellesråd ønskjer å verte Miljøfyrtårn-sertifisert. Dette arbeidet vart starta i 2022 og held fram i 2023.

Energibruken er høg i kyrkjene. Kyrkjene er jamleg i bruk, og aktivitet i kyrkjene krev at kyrkjene har ein viss temperatur. I slutten av 2022 var det høge straumprisar og kaldt vær. Kyrkjene fekk straumstøtte i desember som gjorde at vi kunne halde alle kyrkjene våre opne.

Det er ynskjeleg å få varmestyringsanlegg og rimelegare varmekjelder i nokre av kyrkjene våre. Øygarden kommune har løyvd midlar til dette i 2023.

Medarbeidarar

I 2022 fekk seksjonen fleire nye medarbeidarar. Leiar for Seksjonen, Norvald Snekkevik, gjekk av med pensjon, og Tore Heggernes vart tilsett som ny leiar. I tillegg til ny driftsleiar vart det tilsett to nye kyrkjegardsarbeidarar, og ny kyrkjetenar i Foldnes. I fleire av kyrkjene vart det tilsett helgekyrkjetenarar.

I seksjonen er det totalt 10,4 årsverk. Dette er fordelt på 17 personar. Av desse er 5 av stillingane helgekyrkjetenarar.



UTANDØRS PÅSKEVANDRING

I påska hang vi opp kunstplakatar i både Hjelme og Blomvåg kyrkje. Plakatane hang utandørs og folk kunne vandre roleg frå stasjon til stasjon, sjå på bileta og lese tekstane.

Foto: Yngvild Mørner Sørheim

KYRKJEVERJA SIN ADMINISTRASJON





Mathilde Karin Dale
Personalleiar

HR

Medarbeidarar

Det var pr. 31.12.2022 52 tilsette medarbeidarar i Øygarden kyrkjelege fellesråd, 36 kvinner og 16 menn. Ein er merksame på den skeive kjønnsbalansen, men det er ikkje gjort konkrete tiltak for å få ei utjamning.

Til saman var det 39 årsverk i organisasjonen ved utgangen av 2022. Av desse er 0,6 årsverk knytt til prosjekt som vil verte avslutta i 2024.

Helse, miljø, tryggleik

Målet for HMT-arbeidet er å "arbeide for å utvikle og sikre eit fysisk og psykososialt arbeidsmiljø som gir dei tilsette tryggleik og trivsel i kvardagen og at det vert gitt rom for utvikling, samarbeid og fellesskap."

Forum for arbeidsmiljø

Forum for arbeidsmiljø er eit forum som er sett saman av verneomboda, seksjonsleiar for barn og unge, seksjonsleiar for kyrkjer og gravplassar, ein representant frå bedriftshelsetenesta, personalkonsulent og kyrkjeverja. Forumet

drøfter arbeidsmiljø og tiltak på området, avviksmeldingar, vernerundar med vidare. Det vart i løpet av året gjennomført to møte. Det vart og gjennomført to møter mellom bedriftshelsetenesta, personalkonsulent og kyrkjeverja. Her vart det drøfta mellom anna sjukefråvær og «Arbeidsmiljøundersøkinga 2021».


Drøftingsmøte med tillitsvalde

I løpet av året vart det gjennomført fem drøftingsmøte med dei tillitsvalde. Viktige saker var drøfting av bemanningsplanen, utlysingar og arbeidsmiljøundersøkinga.

Kompetansehevande tiltak

På grunn av koronasituasjonen, vart mange eksterne kurs, fagdagar og konferansar gjennomført på digitale plattformer, og mange tilsette har delteke på desse. Koronasituasjonen har gjort kurs meir tilgjengeleg for dei tilsette.

Fellesrådet har lagt til rette for leiarutvikling og assisterande kyrkjeverje er undervegs i eit studieløp i ei mastergrad i verdibasert leiing.





Yngvild Mørner Sørheim
Informasjonskonsulent

Kommunikasjon

Innan fellesrådsområdet er det tre ulike kyrkjeblad som kjem ut fem gonger i året. Olai Otterå er redaktør for Sund Sokneblad. Informasjonskonsulenten er redaktør for Kyrkjebladet for Fjell, Landro og Foldnes sokn og for ØyNytt. Kyrkjeverja er ansvarleg redaktør.

Hausten 2022 vart det bestemt av fellesrådet at dei tre kyrkjeblada skal slåast saman til eitt blad for heile kommunen. Antal nummer blir

også redusert frå fem til fire. Det nye bladet vil bli produsert frå sommaren 2023. Det vil bli satt saman ein redaksjon med representasjon frå alle sokna.

Kvar kyrkjelyd har si eiga Facebook-side der vi annonserer gudstenester og andre aktivitetar. Det vert også publisert lenker til artiklar frå fellesrådet si nettside og frå nettsida for kvar av kyrkjelydane.



Borghild Hustad Berge

Seksjonsleiar for administrasjon og økonomi

Seksjon for administrasjon og økonomi

Hovudfokus i 2022

Året 2022 har og vore eit litt annleis år for oss i administrasjonen. I februar/mars var alle på plass igjen på kontora sine, etter ei uendeleg lang koronatid på heimekontor. Vi merka meir og meir at alt starta opp igjen av arbeid ute i kyrkjelydane, og vi gjekk over til normal drift igjen. Men det var kanskje først no vi på skikkeleg vis fekk merke at vi hadde hatt ei samanslåing av tre fellesrådsområde til eitt, koronatida sette naturleg ei viss brems på alt.

Det har vore viktig å ha fokus på medarbeidarane våre i administrasjonen, at vi no igjen skulle samlast og bli skikkeleg samordna. Administrasjonen tek dagleg ansvar for ei rekke oppgåver. Oppgåvemengda er svært samansett, og for mange av oppgåvene er det kontinuerleg tidsfristar som skal rekkast. Det nyttar ikkje å betale ut løn for seint, eller ikkje vere ajour på å betale innkomne faktura. For ikkje å snakke om alle soknerådsmøte som skal vere rett førebudd og fulgt opp i god tid, før og etter møter. Fordeling av ansvar for arbeidsoppgåver og samansetjing av ansvar og oppgåver i stillingane har vore viktig.

Hausten 2022 har det vore eit sterkt fokus på å arbeide i lag, med utarbeiding av prosedyrar for mange av oppgåvene som går på tvers av alle i administrasjonen. Målet har vore samordning, forenkling, forbetring, trygghet i utføring av oppgåver, arbeidsglede.

Vi har arbeidd mykje med fokus på fagsystema våre innafor; lønsarbeid, koordinering av aktivitetar og bemanning, gravregistrering, rekneskap, gjevarteneste. Det har vore viktig både å jobbe med å utnytte betre dei moglege,

tekniske løysingane som ligg i fagprogramma, og å lære oss best mogleg måte å arbeide godt på.

Vi har prioritert å bruke mykje tid på opplæring og kursing, både eksternt og internt.

2022 vart det siste året med Øygarden kommune som leverandør av lønsarbeid og rekneskapsarbeid til fellesrådet og til sokneråda. Basecamp har framleis kommunale tenester på dette. Det har krevd mykje ekstra jobbing frå september og ut året, for å førebu og gjennomføre overgangen til ny leverandør, Aider. Vi vil med dette rette stor takk til Øygarden kommune for å ha levert lønstenester, rekneskap og økonomiarbeid til oss i ei årrekke! Det har vore ei stor glede og eit godt samarbeid. Eg vil særskild nemne initiativ til å hjelpe oss med forbetringar av dette arbeidet i åra etter samanslåinga.

Vi i administrasjonen vil takke for eit godt arbeidsår. Takk for alle som tålmodige har venta på svar på spørsmål og oppgåver som skulle utførast. Takk for godt samarbeid med alle kollegaene våre i kyrkja i Øygarden. Takk for godt samarbeid med sokneråda og fellesrådet, og då særleg leiarane i råda. Ikkje minst vil vi takke deg som har vore innom oss sjeldan eller mange gonger i løpet året. Det er ei stor glede for oss, alle samtalane vi får med dei som kjem innom med eit ærende dei treng hjelp til.

Vi vil alltid stå til teneste for alle dei som møter oss og treng oss som kyrkje. Vi vil vere Nær Gud, Nær menneske.

FELLESRÅDET SIN ØKONOMI

Årsrekneskap for Øygarden kyrkjelege fellestråd 2022

Øygarden kyrkjelege fellestråd har i 2022 hatt samla driftsutgifter på kr 43 717 702

Øygarden kyrkjelege fellestråd har i 2022 hatt samla driftsinntekter på kr 45 959 537

Resultat for 2022 før finanstransaksjonar og fondsavsetjing overskot på kr 2 241 834

Overskot etter finansieringstransaksjonar, fondsavsetjingar- og bruk kr 922 604

Hovudinntektskjelder i 2022

- Kommunal rammeløyving kr 29 783 000
- Tilskot frå bispedømerådet kr 5 369 491
- Festeavgifter kr 1 649 250
- Ulike refusjonar frå statlege institusjonar kr 1 205 819
- Gåver og innsamla midlar kr 458 806

Hovudutgifter i 2022

- Løn og sosiale utgifter kr 27 390 851
- Kjøp av varer og tenester kr 12 442 362



Foto: Borghild H. Berge

STYRANDE ORGAN

Fellesrådet er det øvste ansvarlege og styrande organ for ØKF. Rådet er sett av eitt medlem frå og valt av kvart av sokneråda, ein prerepresentant frå kommunen og ein representant oppnemnd av biskopen. Framgangsmåten for val av medlemmer til kyrkjeleg fellesråd gjer det vanskeleg å sikre kjønnsbalanse i rådet. For innverande periode er det 1 kvinne (14,2%) og 6 menn (85,5 %) i rådet:

| Namn | Rolle | Personleg vararepresentant | Oppnemnt av |
|------------------|----------|------------------------------|----------------------------|
| Dag-Olav Bjørøy | Leiar | Kjersti Langeland Angeltveit | Landro sokneråd |
| Gisle Kårbø Rong | Nestleia | Erling Vik | Hjelme og Blomvåg sokneråd |
| Arvid Nese | Medlem | Eigil Nødtvedt | Fjell sokneråd |
| Per Helge Refvik | Medlem | Harald Rød | Foldnes sokneråd |
| Jan Tveit | Medlem | Oddveig Margrethe Skoge | Sund sokneråd |
| Hege Misje | Medlem | Helge Nilsen | Øygarden kommune |
| Jan Tommy Fosse | Medlem | Bjarte Nese | Biskopen |

Sekretær for utvalet er kyrkjeverja. Fellesrådet hadde 7 møte og handsama 75 saker i løpet av året.

Arbeidsutvalet er sett saman av leiar, nestleiar og eitt medlem av fellesrådet, og er eit er saksførebuande utval til fellesrådet. Arbeidsutvalet har i tillegg fullmakt til å treffe avgjerd i saker som er delegert. Arbeidsutvalet hadde 7 møte i 2022 og handsama 32 saker. I rådet er det berre menn.

| Namn | Rolle |
|------------------|----------|
| Dag-Olav Bjørøy | Leiar |
| Gisle Kårbø Rong | Nestleia |
| Per Helge Refvik | Medlem |

Administrasjonsutvalet er eit partssamansett utval med overordna ansvar for personalpolitiske saker. Utvalet er høringsinstans for fellesrådet i saker av personalpolitisk karakter, og har delegert avgjerdsmynde i saker i medhald av reglement. Administrasjonsutvalet har mellom anna tilsettingsmynde i alle stillingar utanom leiarstillingar. I rådet er det 3 menn (60%) og 2 kvinner (40%). I 2022 hadde administrasjonsutvalet 9 møte og handsama 49 saker.

| Namn | Rolle | Personleg vararepresentant | Utpeika av |
|------------------|-----------|----------------------------|----------------------|
| Gisle Kårbø Rong | Leiar | Jan Tveit | Fellesrådet |
| Dag-Olav Bjørøy | Nestleiar | Hege Misje | Fellesrådet |
| Per-Helge Refvik | Medlem | Arvid Nese | Fellesrådet |
| Beate Sørhus | Medlem | | Tillitsvald/tilsette |
| Kari Bekkenes | Medlem | Anne Ludvigsen Kaldestad | Tillitsvald/tilsette |

LITT STATISTIKK

| | <u>2019</u> | <u>2020</u> | <u>2021</u> | <u>2022</u> |
|-------------------------------------|-------------------------|-------------------------|-------------------------|-----------------------|
| Medlemer og tilhøyrige i Dnk | 29 526 77,3 % | 29 433 76,1 % | 28 677 73,5 % | 28 654 72,8 |

➤ Tal frå 2019 er samla frå Fjell, Sund og Øygarden, tal frå 2020 og 2021 er frå Øygarden.

| | | | | |
|---------------------------|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|
| Døypte | 277 76,3 % | 250 55,8 % | 294 64,9 % | 281 79,8 % |
| Konfirmerte | 367 71,3 % | 355 67,5 % | 360 69,3 % | 342 65,6 % |
| Kyrkjelege vigslar | 48 | 42 | 36 | 52 |

| | | | | |
|----------------------------------|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|
| Deltakarar - gudstenester | 45 810 293 | 23 700 267 | 20 329 314 | 35 494 299 |
|----------------------------------|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|

➤ Antal gudstenester søn- og heilagdagrar i grått

| | | | | |
|---|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Gudsteneste for barnehagebarn | 35 | 7 | 3 | 5 |
| Gudsteneste for skulebarn | 29 | 2 | 2 | 24 |
| Andakter på institusjon eller aldersheim | 76 | 47 | 63 | 100 |
| Leiarkurs for unge, antal deltakarar | 63 | 92 | 39 | 75 |
| Antal kor for vaksne/familiekor | 5 | 3 | 3 | 4 |
| Antal kor for barn og unge | 9 | 9 | 8 | 9 |
| Deltakarar på konsertar og kulturarrangement | 8880 | 1439 | 1837 | 7255 |



- Etter 2,5 år med planlegging, innsamling og utsetjing fekk 14 ungdommar, saman med tre vaksne, endelig dra på studietur til Israel i 2022. Her står dei på Oljeberget med utsikt over Jerusalem.

Fjell kyrkje var fylt godt opp under gudstenesta på palmesøndag. Denne dagen fekk kyrkjelyden takka Olav Sørheim for tenesta som organist gjennom 45 år.



- TenSing Lukas var med på den stemningsfulle julekonserten til Atle Pettersen i desember.



Nær Gud,
nær menneske